

1869 – 2019 – KYRKJEBØ KYRKJE – 150 ÅR

Vi er stolte av kyrkja vår vi som bur på Kyrkjebø. Men visste du at i si tid var dette kyrkja til mest heile kommunen vår? Dei kom til kyrkja på Kyrkjebø frå Lånefjorden og Måren, frå Bjordal, Strendene og Ortnevik, frå Vadheim, Markeset og heilt til elva på Norevikane. Dei kom frå Viksdalen og Høyangsfjord, frå Berge og Klævald. Til Kyrkjebø kom dei på preikesøndagar, og der fekk dei høyre Guds ord og fekk høyre nytt frå bygdene og om slekta. Her var det lensmann som kunne kome med opprop og her var butikk slik at ein kunne handle på heimveg.

Her fekk dei gifte seg, her fekk dei døypt ungane sine og her fekk dei gravlagt sine kjære. Ikkje rart at dei måtte byggje ei stor kyrkje i 1869 for å få plass til alt folket. Lova som kom på 1850 talet sa at ei soknekyrkje måtte ha plass til minst 2/3 av folket i soknet, og den kyrkja som stod på Kyrkjebø hadde berre plass til 250 personar. Ny kyrkje vart det og den har vorte feira både ved 70 år, 100 år, 125 år og no ved 150 år. Du kan lese meir om kyrkja si historie i eit vakkert **jubileumshefte** som kjem i sal utpå seinvinteren 2019.

No vonar vi at det vert ei 150 årsfeiring som markerer både fortid og framtid for kyrkja vår. Vi vonar folk frå nærliggande bygder vil kome og feire saman med oss. Det handlar om lokalhistorie, kulturhistorie, kunsthistorie, identitet og tru. I 150 år har kyrkja vore eit signalbygg i bygda og har samla folk i sorg og glede, samla dei som kjem til kyrkja med tru og dei som kjem med tvil, dei som kjem ofte og dei som kjem sjeldan. Kyrkja er der for oss alle. Så velkomen til å markere og jubilere!

Søndag 20. januar kl 17: Historiekveld med orgel, nykkelharpe og harpeleik, forteljingar om kyrkja i gammal tid og om interiøret i kyrkja. Vi syng gamle, gode salmar frå 1800talet.

Søndag 14. april kl 11: palmesøndag med 50 årskonfirmantar, 60 årskonfirmantar og konfirmantar i 2019. Samtale om konfirmasjonsførebuing før og no. Kyrkjekaffi og gode kaker i kyrkjelydshuset ved Saniteten.

Onsdag 5. juni kl 18: Konsert ved m.a. Kyrkjebø skule og ungdomskorps og Kyrkjebø Ungdomslags kor.

Søndag 6. oktober kl 11: Festgudsteneste på same dag som kyrkja vart innvigd i 1869. Tidlegare prestar og organistar vert inviterte. Det vert ope hus og betasuppe for heile bygda i messa på Tronvik etter gudstenesta.

Søndag 1. desember kl 17: Historisk gudsteneste der folk vert oppfordra til å kome i gamaldagse klede. Dersom veret er bra, vert det fakkeltog til gudstenesta frå Austreim til kyrkja. Det vert gammal liturgi og prest og klokkar er "frå 1869". Også her får vi med oss nykkelharpe og harpeleik.

Det er planar om orgelkonsert i tilknytning til festgudstenesta i oktober.

Jubieumsnemnda er Helga Hjetland, Finn Trædal, Irene Aase Aarseth, Inger Sundset Solås